

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
05/81-3

Arkiv
N-650/

Dato:
21.02.2005

NOU 2004:26 HEIMFALL - HØYRINGSUTTALE

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

14.02.2005 HERADSSTYRET

HST-006/05 VEDTAK:


Ullensvang heradsstyre meiner at heimfallsutvalet si utgreiing er mangelfull då den ikkje tilstrekkeleg vurderer dagens rettslege situasjon. Det er uklårt om EØS-avtala gjeld for forvaltninga av vasskraftressursane, noko som medfører unødige uvisse om den norske staten sitt handlingsrom.

Heradsstyret ber primært om at dei juridiske sidene ved heimfallssaka vert ferdig utgreidd. Staten må samstundes inngå dialog med ESA med sikte på å finna akseptable løysingar og vurderer alternative modellar innanfor det handlingsrommet staten har.

Ullensvang heradsstyre meiner prinsipielt at kommunalt eigde kraftverk og vassfall også i framtida skal ha konsesjonar utan tidsavgrensing og at heimfall ikkje skal gjelda for desse før ved eigarskifte. Heradsstyret går sekundært inn for mindretalet sitt framlegg om ein transaksjonsmodell. Dersom lovtidspunktsmodellen likevel skulle verta vedteken må det lovfestast ein kompensasjon tilsvarande 45% verdien på vassfallet og anlegga (rettighetsmodellen).

Med helsing
Ullensvang herad

Magnus Mjør
rådmann


Linn M. Østerbø
førstesekr.

Sakshandsamar sin tlf: 53 67 15 06
Sakshandsamar sin e-postadr.: magnus.mjor@ullensvang.herad.no